

Landbruks- og matdepartementet
postmottak@lmd.dep.no

Oslo, 02.05.2022

Att: 19/1754

Høring av endringer i forskrift om administrative tollnedsettelse for landbruksvarer mv.

Felleskjøpet Agri AS viser til høringsbrev av 07.02.2022. Vi kommenterer enkelte delar av forslaga i høringa som vedkjem vårt ansvarsområde.

Departementet foreslår ei utviding av vareomfanget for kvoten for karbohydratråvarer til kraftfôr til å omfatte palmekjerneekspeller. Felleskjøpet Agri er einig i dette forslaget. Departementet foreslår at forskrifta om fordeling av tollkvoter og forskrifta om administrative tollnedsettingar (FAT) blir endra slik at det blir teke høgde for at GSP+ land generelt får 40 % preferanse. Dette er ei oppdatering til vedtak som Stortinget har gjort tidlegare.

Departementet omtalar følgjande utvikling i tollpreferansar for ulike grupper land i GSP-ordninga:

	Før 2012	2012	2018
GSP	10 %	20 %	
GSP+			40 %

MUL-land har tilgang til tollfri eksport til Norge, altså 100 % preferanse i forhold til fastsett tollsats.

Endringa i 2018 der GSP+-land skal få 20 % større tollpreferanse enn andre GSP-/mellominntektsland, har ikkje blitt teken inn i forskrifta om administrative tollnedsettingar. Departementet meiner det er unødig komplisert å legge «alle satser» inn i regelverket. I tillegg må regelverket oppdaterast dersom Stortinget vel å gjere endringar i satsane. Det er ikkje oppgitt på kva måte satsane skal gjerast kjent, berre at preferanse blir gitt etter gjeldande satsar.

Felleskjøpet Agri meiner det bør vere enkelt å gjere seg kjent med offentlege regelverk og vi fryktar at å plassere satsane på ei nettside hos for eksempel Landbruksdirektoratet vil bli

opplevd som utfordrande for andre enn personar som har førstehands kjennskap til ordningane. Vi vurderer det heller ikkje som ei svært krevjande oppgåve for departementet å oppdatere forskriftene med det aktuelle knippet av satsar. Vi vurderer det i tillegg som mindre sannsynleg at slike endringsbehov vil opptre svært ofte.

Felleskjøpet Agri støttar difor ikkje forslaget om endring i FAT § 22 fjerde ledd siste punktum.

Departementet foreslår å ta ut av FAT definisjonar som allereie er avklart i lov eller jordbruksavtale og at berre «korn» og «kraftfôr» blir definert særskilt i forskrifta. Felleskjøpet Agri er einige i dette forslaget.

Med vennleg helsing
Felleskjøpet Agri SA Marknadsregulator korn

Eli Reistad (sign.)
Direktør næringspolitikk og marknadsregulering

Sindre Flø
Seniorrådgjevar